

KASPAR

Trygg og allsidig vallak
Prisvurdering:
32 000 kroner

Fjordhest Fødd: 2014
Lys brunblakk vallak
Far: Nesvik Sebastian
Mor: Vira



Omtale og potensiale

Kaspar er ein fire år gammal, middels stor vallak med muskelsterk kropp. God overlinje og godt kryss. Den har ledig vegvinnande skritt og god bakbeins aksjon i travet. Far er Nesvik Sebastian og mor Vira.

Hesten har ein funksjonell, god kropp og vil fungere i dei fleste samanhengar. Treningsperioden viser at han er trygg i dei fleste siituasjonar. Han er innkøyrt og ridd i trav, skritt og galopp.

Kaspar vil vere ein flott hest til nokon som ynskjer ein allsidig fjordhest med gode brukseigenskapar.

Kjøpar vil få nødvendig rettleiing på kva trening unghesten bør ha framover.

Du finn stamtavle og utstillingssresultat for hesten på www.nhest.no.

Reg.nr.: 578002020142585

Eigar: Ivar Rosvold, HOLMEFJORD

Telefon: 414 45 939

Oppdrettar: Stein Åge Fyllingsnes, EIKANGERVÅG



NORSK
FJORDHESTSENTER



Landslaget for Dølahest





Utdanning

Hesten har delteke på eit pilotprosjket for utvikling av unghestutdanning. Prosjektet vert gjennomført ved Norsk Fjordhestsenter hausten 2017 og vinteren 2018, og er eit samarbeid mellom senteret og raselaga for dei nasjonale hestersasane. Målet er å få fram salsklare unghestar.

Utdannningsperioden vert tilpassa kvar hest og alder, men følgjer eit kvalitetssikra utdanningsprogram som sikrar at ein får vurderte eigenskapane og evnene til hesten. Det vert sett individuelle mål for kvar hest. Desse varierer mellom anne med lynne og alder. Alle hestane skal innom følgjande utdanningsområde: Handtering, unghestløype, miljøtrening, trafikk, sosiale ferdigheter, hovstell/ veterinær el.l., bittrening, leietrening, mönstringstrening, lasting på og av hengar, line og lause drag, køyring og riding (*køyring og riding berre dersom hesten er klar for det*).

Alle hestane har hatt veterinærskjekk og hovstell i løpet av treningsperioden. Treningsdagbok vert gjort tilgjengeleg for interesserte under visningsdagen eller ved førespurnad.

Visning

Kaspar vert presentert under visningsdag på Norsk Fjordhestsenter søndag 18.3. kl. 12.00.

Dersom nokon ønskjer å kjøpe hesten kan de ta kontakt med eigar eller Norsk Fjordhestsenter (Magni Hjertenes Flyum: 934 22 756). Alle bod som kjem inn før visingsdagen må stå til søndag 18.3.17 kl 15.00.